

NVE
Håkon Berg Sundet
Oversendt pr e-post

29. august 2022

**SVARDØLA KRAFTVERK, LUSTER KOMMUNE. HØRINGSFRÅSEGNER
PLANENDRINGSSØKNAD.
SVARDØLA KRAFT AS (SK) SINE KOMMENTARAR TIL DESSE.**

Bakgrunn

Vi viser til oversending av fråsegner der Dykk ber om tiltakshavar sine kommentarar til desse. Vi har motteke fråsegner frå følgjande:

- Luster kommune
- Statsforvaltaren i Vestland

Luster kommune

“Viser til dykkar brev om høyring på søknad om auka slukeevne på Svardøla kraftverk. Luster kommune oppmodar til at det blir teke omsyn til friluftsliv, naturmiljø og landbruksdrift i området. Så lenge tiltaket ikkje førar til reduksjon i vassføringa utover minstevassføringa i konsesjonen, så har ikkje Luster kommune innvendingar til det”

SK sine kommentarar:

Ja. Som det framgår av søknaden er det søkt om å justere nedre slukeevne frå 140 l/s til 75 l/s.

Øvre Slukeevne og minstevassføringa på; 460 l/s i sommarperioden (1. mai – 30. september) og 20 l/s i vinterperioden (1. oktober – 30. april) tilsvarande 5-persentilnivå vil liggje fast.

Det er positivt at Luster kommune ikkje har innvendingar. Så lenge den fastsette minste vassføringa ligg fast vil ei produksjonsauke på 0,84 GWh, utan nye tekniske inngrep, være ei samfunnsøkonomisk rimeleg tilleggsproduksjon av fornybar energi som også vil auke næringsgrunnlaget for dei grunneigarane som er med i prosjektet.

Statsforvaltaren i Vestland

1. *«Vår vurdering Slukeevneintervallet og minstevassføringa har mykje å seie for korleis naturmiljø og landskap blir råka av ei vasskraftutbygging. Svardøla er eit viktig landskapselement, og minstevassføring på 5- persentilnivå i sommarperioden var vurdert som eit viktig avbøtande tiltak for denne utbygginga. Den fastsette minstevassføringa er i tråd med vår fråsegn i høyringa av konsesjonssøknaden.»*
2. *«Planendringa vil redusere periodane og mengda vatn som kjem i tillegg når kraftverket må stanse på grunn av for lita driftsvassføring, og dette vil redusere dynamikken i Svardøla ved visse låge vassføringar. For friluftsiinteressene vil effekten vere større i oktober då det berre blir sleppt 20 l/s, enn i den prioriterte perioden med høgare minstevassføring. Om planendringa fører til færre start/stopp i kraftverket, kan det tenkast å vere gunstig for fisken i nedre del av elva. Det bør vere ein viss terskel for å kunne auke vassutnyttinga utover det som er fastsett i vassdragskonsesjonar, dersom det får konsekvensar for viktige allmenne interesser.»*
3. *«Vi ser det òg som uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Dette var ein viktig premiss for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftsiinteresser, òg ved denne utbygginga. Planendringa gjeld ei relativt lita endring av slukeevna, og effekten vil bli avgrensa for den viktigaste friluftsiperioden som er prioritert med minstevassføring på sommarnivå. På grunn av den låge minstevassføringa i vinterperioden kan effekten derimot bli merkbar i siste del av barmarksesongen. Vi meiner difor at restdynamikken i gjeldande reglement bør oppretthaldast.»*

SK sine kommentarar:

1. Vi er einig med Statsforvaltar i at minstevassføringa som ligg fast er viktig for dynamikken i elva.
2. Vidare er vi ikkje einig i at ei justering frå 140 l/s til 75 l/s, for nedre slukeevne, vil få dei konsekvensane for friluftsliv og fisk som det her blir hevda. Dette var heller ikkje teke opp under konsesjonshandsaminga, og mtp at dette vil utgjere 0,84 GWh meiner vi dette er god samfunnsnytte i prosjektet. Justeringa vil føre til mindre start og stopp av kraftverket enn i dagens situasjon.
3. Vi kan også være einige med det, men det er også viktig at ein etter ein «innkøyringsperiode» ser på positive samfunnsmessige justeringar som ikkje vil få nemneverdige konsekvensar for miljø og landskap.

SK sine oppsummerande kommentarar

Oppsummert er vi positive over fråsegnen frå Luster kommune som ikkje vil ha innvendingar til denne justeringa. Statsforvaltaren har ei litt anna oppfatning, men vi meiner ein må sjå kva dette vil medføre av faktiske endringar for miljø og landskap før ein går i mot.

Vennleg helsing Svardøla Kraft AS

Einar Sofienlund

Prosjektleiar

Kristoffer Kjelstadli

Driftssjef